



# Sund Sokneblad

**Nr. 2**

24. mars 2021

Årg. 90

## Sund kyrkje i vinterskrud



I midten av februar vart det lagt ut på Internett ein musikkandakt med songar av Lina Sandell og med forteljing om livet hennar. Som innleiing til musikkandakten brukte ein dette biletet av Sund kyrkje vist med ein snødekt gravplass i framgrunnen.

**side 3**

### Olav Martin Vik

I haust gjekk Olav Martin Vik frå å vere kyrkjeverje til rådgjevar i Øygarden kyrkjelege fellelråd. No skal han pensjonere seg, og me mimrar litt tilbake på den lange karrieren Olav Martin har hatt som polititar og kyrkjeverje.

**side 4-6**

### Prosten på besøk

Gudstenesta i Sund kyrkje 28. februar vart leia av prosten i Vesthordland prosti, Jan Tommy Fosse.

**side 6-7**

### 4-årsboka

Utdelinga av «Bibelboka mi» til 4-åringane vart i år gjennomført på ein måte som ikkje har vore gjort før.

**side 8-9**

### Årsmøte

Årsmøtet for Sund sokn blir etter gudstenesta i Sund kyrkje søndag 11. april.

**side 12**

### Påskeandakt

Andakten den gongen er skriven av Gurli Skodvin.

**side 11**

### Påska ikkje stolen

Er påska eigentleg ei heidensk høgtid som kyrkja har stole? Nei, meiner skribent og forfattar Bjørn Are Davidsen.

**side 10**

## Pastoralt perspektiv

### Påskefeiring

Når Kari og Ola feirer påske, skjer det på ulikt vis. Dersom våre styresmakter gjev oss lov, vil mange dra til fjells, medan andre held seg heime.

Ikkje alle er like snø-hungrige... Men blir det påskesol kjem nok dei fleste til å nyta den i ein eller annan solvegg, med kakao, appelsin og påske-egg innan rekkevidde. Slik er tradisjonen, og gode, samlande tradisjonar skal vi ta vare på og gleda oss over!

Men samtidig treng vi å bli minna om ein annan påsketradisjon som har prega vårt land i snart 1000 år. Den handlar om å slå følge med Jesus på Via Dolorosa, lidingsvegen, frå Palmesøndagens inntog i Jerusalem – til Påskedagens siger over død og grav. Dette påskedramaet er ikkje berre knytta til eit lite land i Midtausten. Og konsekvensane av det som då skjedde - er ikkje begrensa til år 33 e.Kr. Nei, Jesu soning og siger gjeld like mykje for oss, i 2021! Konsekvensane av Jesu død og oppstode er framleis ei NY fortid og ei EVIG framtid for kvar den som vil ta imot.

Dermed kan påske-sola minna oss om lyset frå den tomme grava. Og påske-egget kan minna oss om Han som døden ikkje kunne halda på. Jesus, sigerherren, vil gjerne feira påske med oss enten det blir til fjells, ved sjøen eller heime. Han møter oss i evangeliet, gjennom påskesalmane og ved nattverdbordet. Slik kan vi få feira påske i ordets rette forstand!

Så skal vi gleda oss over påskeferie, påske-sol og påske-egg. Men gleda vert større og djupare når vi feirer påske saman med Han som seier:

«Ver ikkje redd! Eg er den første og den siste og den levande. Eg var død, men sjå, eg lever i all æve og har nøklane til døden og dødsriket...» (Op 1,17-18)  
Saman med sigerherren Jesus, gjev det meining å syngja: «Påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid!»

GOD PÅSKE!

Kjell-Asle Børnes

## Gudstenester

Framhald

### 30. mai – Treeiningssøndag – Luk 10,21-24

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Nattverd. Takkoffer: Den indre sjømannsmisjon

### 06. juni – 2. søndag i treeiningstida – Joh 3,26-30

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: NKSS (Laget)

### 13. juni – 3. søndag i treeiningstida – Joh 1,35-51

TYSSØY kl 11:00 Friluftsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: Kirkens bymisjon.

Sund Brass og Sund Blandakor

Det vert høve til eigne dåpsgudstenester

Alt med atterhald om endringar grunna korona-situasjonen!

## Velkomen til gudsteneste

### 28. mars – Palmesøndag – Matt 26,6-13

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og Dag R. Pettersen. Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 01. april – Skjærtorsdag – Luk 22,14-23

SUND kyrkje kl 18:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Nattverd. Takkoffer: 4 diakoni-institusjoner

### 02. april – Langfredag – Luk 22,39 - 23,46

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Langfredagsgudsteneste v/Michal Møgster

### 04. april – Påskedag – Matt 28,1-10

SUND kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Sjømannskyrkja

### 05. april – 2. påskedag – Matt 28,1-10

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Basecamp

### 11. april – 2. søndag i påsketida – Joh 21,15-19

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

*Soknemøte etter gudstenesta!*

### 18. april – 3. søndag i påsketida – Joh 10,1-10

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

### 25. april – 4. søndag i påsketida – Joh 13,30-35

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Nattverd. Takkoffer: Bibelskolen, Bildøy

### 02. mai – 5. søndag i påsketida – Luk 13,18-21

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 09. mai – 6. søndag i påsketida – Matt 7,7-12

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 13. mai – Kristi himmelfartsdag – Luk 24,46-53

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

### 16. mai – INGA GUDSTENESTE!

### 17. mai – Grunnlovsdag – Matt 22,17-22

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: KIA

KAUSLAND kyrkje kl 12:30 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: KIA

### 23. mai – Pinsedag – Joh 14,15-21

SUND kyrkje kl 12:00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

*Pilegrimsvandring til kyrkja*

### 24. mai – 2. pinsedag – Joh 14,15-21

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

**Kyrkjeskys** - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dávøy - tlf. 936 10 773

# Musikkandakt om Lina Sandell

I midten av februar vart det lagt ut på nettet ein musikkandakt frå Sund kyrkje. I løpet av den halve timen som andakten varte fekk vi høyra fleire av dei kjende salmane til Lina Sandell, framført av Sølvi Sangolt og Maria Andersen Stokke, og med Irina Tarasova ved flygelet. Mellom salmane fortalde Kjell-Asle Børnes om livet til Lina Sandell (1832-1903).

Lina Sandell fekk verkeleg røyna livet. Ho var mykje sjuk som barn, så det vart til at ho heldt seg mykje heime der ho høyrd på faren, som var prest, og andre intellektuelle som kom på besøk.

25 år gammal var ho vitne til at faren drukna, og to år seinare mista ho mora. På slutten av livet gjekk mannen hennar konkurs, og dei mista ikkje berre alt av pengar, men òg mange av venene. Som om ikkje dette var nok så opplevde ho at det einaste barnet hennar døde under fødselen. Men likevel fann ho heile tida trøyst i Guds omsorg, godleik og nærleik. Her kvilte ho dag for dag, og ho fann fast grunn under føtene i Guds løfte. I

salmen «Jag kan icke räkna dem alla» fortel ho litt om dette.

Lina Sandell skreiv meir enn 1700 dikt, og mange av dei er det sett tone til, slik at dei er komne med i ulike sang- og salmebøker. Men mange av tekstane skreiv ho først og fremst til bruk i søndagsskulen, og difor har salmane gjerne ei enkel språkføring. Ein av dei meste kjende salmane i den samanhengen er vel «Ingen er så trygg i fare».

I dei sentrale evangeliske tekstane til Lina Sandell om Guds nåde får ho tydeleg fram Guds kjærleik, godleik og omsorg både for tid og æve, noko ho hadde fått erfara midt i livets harde prøvingar. Slik blei trua hennar både lutra og herda. Ho nekta å gje slepp på Guds omsorg.

I tillegg til salmane som er nemnde song Sølvi og Maria òg «Blott en dag», «O Jesus åpne du mitt øye», og som avslutning «Bred dina vida vingar».

*Olai Otterå*



*Kjell-Asle Børnes fortalde om Lina Sandell.*



*Lina Sandell*



*Sølvi Sangolt og Maria Andersen Stokke framførte songar av Lina Sandell med Irina Tarasova ved flygelet.*

# **- Det har vore ei utfordrande og spennande tid**

I haust gjekk Olav Martin Vik frå å vere kyrkjeverje til rådgjevar i Øygarden kyrkjelege fellesråd. No skal han pensjonere seg og me mimrar litt tilbake på den

lange karrieren Olav Martin har hatt som politkar og kyrkjeverje.



## Korleis vil du oppsummere dine roller innanfor kyrkjeleg verksemd, først i gamle Øygarden og sidan i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd?

Eg tok til som kyrkjeverje i gamle Øygarden i 2000. I slutten av det året vart eg vald til ordførar og tok til i den rolla frå 2001. I starten var eg både ordførar og kyrkjeverje. Eg kom tilbake som kyrkjeverje i 2011. Kyrkjeverje er ei leiarstilling. Det betyr at ein må ha oversikt over heile verksemda og syte for at organisasjonen fungerer. Me forvaltar også kyrkjer og gravplassar og har ansvar for gravlegging av alle døde i kommunen. Dei siste åra var eg kyrkjeverje i Fjell og Sund og til slutt i nye Øygarden.

Det har vore ei utfordrande og spennande tid, ikkje minst dei siste åra med å slå saman tre organisasjonar, få den nye organisasjonen til å fungere og at medarbeidarane kunne kjenne seg trygge inn i den nye tida. For min del har dette gått bra, ikkje minst fordi eg har hatt ein flott stab å samhandle med. Det har også vore eit godt samarbeid med dei kyrkjelege råda og eg nyttar høvet til å takke dei for godt leiarskap.

## Du var prosjektleiar for samanslåing av dei kyrkjelege fellesråda i Øygarden, Sund og Fjell. Kan du fortelje litt om korleis den prosessen var for deg?

Saman med mine kollegaer initierte eg opplegget for prosessen. Me fekk tilslutning frå dei kyrkjelege råda for opplegget og starta arbeidet hausten 2017. Me la vekt på medverknad frå våre medarbeidarar. Det var krevjande tider og ofte lange dagar. Verksemda vår skulle gå som vanleg og i tillegg skulle me slå saman organisasjonane. Igjen må eg berre vise til kyrkjestaben som la seg i selen og bidrog til at me haus-

ten 2019 hadde lagt grunnen for det nye fellesrådet. Så er det slik at denne typen prosessar vil vare lenge etter at sjølve prosjektarbeidet er avslutta.

## Kva har ditt engasjement som politisk og tidlegare ordførar hatt å seie for arbeidet i dine kyrkjelege roller?

Som politisk og ordførar får ein oversikt og innsikt i mykje. Eg var politisk i 25 år. Ein lærer å forstå og kjenne til korleis offentlege verksemdar arbeider. Ikkje minst som ordførar kjem ein tett på offentleg forvaltning. Min politiske bakgrunn har vore god å ha inn i rolla som kyrkjeverje både som leiar, men også når vanskelege saker skulle handterast. Ein skal også forstå si rolle i høve til dei kyrkjelege råda (fellesråd og sokneråd) og kven som bestemmer til slutt. Det lærer ein som politisk.

## Kva tenkjer du er viktig for at kyrkja skal opplevast som levande og relevant for folk i Øygarden?

Det er å ha opplegg som møter folk med utgangspunkt i deira behov. Lenge kunne våre tilbod vere statisk og like over lang tid. Me kjenner sikkert alle på at samfunnet endrar seg raskare enn før og her må me følge med. Eit døme er at me i mars 2020 måtte ta i bruk digitale plattformer for å nå ut til folk. Eg trur også at det er viktig at me er tydeleg i budskapet vår i møte med menneske. Me skal ikkje gå på akkord med det som er kyrkja si eigentlege rolle. Det tener ingen.

## Dersom du ser bakover på karrieren din, er det hendingar du ser på som spesielt minnerike og som kan gje håp og inspirasjon til kyrkja si verksemd inn i framtida?

I mine to første jobbar i næringslivet hadde eg to tøffe leiarar. Det var ein tøff

skule, men eg lærte også av dei at medarbeidarane skal takast godt vare på. Det har eg prøvd å etterleve. Medarbeidarane mine vil eg trekke fram som eit godt minne. Eg har hatt eit godt samarbeid med kommunane i rolla som kyrkjeverje og vil takke det kommunale leiarskapet. Det har vore store og små hendingar. Små hendingar er av og til like viktige som dei store. Den norske kyrkje er eit trussamfunn. Me er også gravferdsmyndigheit på vegne av stat og kommune. Summen av opplevingar vert mange og det er vanskeleg å trekkje fram eit enkelt døme.

Eg gler meg over kyrkjerom som fyllest opp av menneske i alle aldrar når ein møtest til gudsteneste, eller når foreldre kjem med borna til babysong, for å nemne noko. Alle dei som deltek på leirane våre gler meg også. Det er fint når kyrkjerommet vert fylt opp av menneske som møter fram i gravferder. Eg trur mange kjenner det trygt og godt når ein kjem inn i kyrkjene våre, også når sorga rår. Dei fleste gravferdene følgjer kyrkja si seremoniordning.

Summen av alt som skjer må gi inspirasjon for framtida, ikkje minst for kyrkjelydane lokalt.

## Du er snart pensjonist, har du nokon planar for tida framover?

Det har vore lange arbeidsdagar i mange år. Eg har vore frivillig medarbeidar og var politisk aktiv i 25 år. Eg tenkjer at no vert det godt å ikkje ha avtaleboka full og ser eigentleg fram til å vere eigen herre over dagen. Så vert det nok meir tid til familien. Eg likar også å arbeide fysisk og kvir meg ikkje for tunge tak. Det ventar arbeid både i og utanfor huset og i naustet. Det viktigaste er å få ha ei god helse, noko me ikkje har garanti for.

Yngvil Mørner Sørheim



# Takk, Olav Martin!

## Helsing frå Dag-Olav Bjørøy, leiar i fellesrådet

Olav Martin har bak seg lang fartstid som kyrkjevevje i gamle Øygarden. Da Fjell hadde behov for kyrkjevevje i ein periode, tok han den oppgåva – og då Sund straks etter fekk same behovet, tok han sanneleg Sund òg. Vi har vore storleg imponerte over Olav Martin sin arbeidskapasitet og gjennomføringsevne samtidig som han har vore nøyaktig. Han har analysert og forbetra, han har rydda og motivert – og han har vore eksemplarisk tydeleg. Da vi fekk ein pandemi tredd ned over oss, starta han med ein gong med å gi klare lokale retningslinjer. I sin lett formelle stil har han vore lett å ha med å gjere, både for tilsette og for fellesrådet.

Vi ønskjer Olav Martin lukke til som pensjonist (og vi har alltid plass til han som frivillig).

## Helsing frå Anlaug Børve, kyrkjevevje

Eg har hatt gleda av å samarbeide med Olav Martin i fleire ulike samanhengar. Først då han var ordførar i Øygarden kommune og eg var tilsett som jurist, seinare då vi begge var kyrkjevevjer i kvart vårt fellesrådsområde, og til sist under og etter samanslåinga av fellesråda.

Olav Martin er ryddig til fingerspissane. Han er jordnær, alltid i forkant, kunnskapsrik, tydeleg og påliteleg. Samtidig har han eit varmt hjarte og omsorg for dei han har rundt seg. I leiarskap og arbeid skin det gjennom at trua og takknemlegheit for nåden og frelsa i Jesus Kristus er eit ankerfeste for han. Olav Martin set gode spor etter seg både i kommunen og i kyrkja. Det er vemodig at han no går av med pensjon, og han kjem til å bli sakna. Samtidig er ein rolegare livsfase som pensjonist han vel unt! Eg takkar Olav Martin for lang og tru teneste, og ønskjer han alt godt for dagane som kjem.

## Helsing frå Espen Tveten, sokneprest i Hjelme og Blomvåg

Det vil merkast at Olav Martin sluttar som kyrkjevevje. Over ein periode på 8 år har eg lært han å kjenne som ein god og samvitsfull person – eg vil sakna han. Olav Martin har stor arbeidskapasitet, hans kunnskap er allsidig og han har oversyn over mange sakar. Han har «orden i sysakene» for å bruke eit av hans eigne uttrykk. Han er ein tydeleg leiar og menneske rundt er sjeldan i tvil om kva han vil formidla. Ei side ved Olav Martin eg har sett særleg stor pris på, er at han ofte kjem attende til vårt eigentlege oppdrag som kyrkje. Det er å forkynne frelsa i Jesus Kristus. Uavhengig av kva slags funksjon ein har i kyrkje, vil dette alltid vere hovudoppgåva. Eg ynskjer han ei velsigna pensjonisttid og velkomen over i rekka av uløna medarbeidarar.



Jan Tommy Fosse på preikestolen i Sund kyrkje.

## Prosten besøkte Sund kyrkje

Det er ikkje så ofte at prosten i Vesthordland prosti, Jan Tommy Fosse, tar turen til Sund sokn, men søndag 28. februar skjedde det då han leia gudstenesta i Sund kyrkje.

- Eg har gledd meg til denne gudstenesta, sa Jan Tommy Fosse då han ynskte kyrkjelyden velkomen til kyrkja. Og koronarestriksjonane var blitt letta på, slik at det no var plass til 90 personar i kyrkja. Så mange var det nok ikkje som hadde teke vegen til kyrkja denne søndagen, men likevel fleire enn det som hadde vore vanleg dei siste vekene tidlegare.

Teksten for denne søndagen, 2. søndag i fasta, var teksten i Lukas evangelium om kvinna som fekk syndene sine tilgjevne. Jesus var hos ein farisear som hadde bedt han eta med seg. Den syndefulle kvinna kom dit med ei alabastkrukke med dyr

salve, ho kyste føtene til Jesus og smurde dei med salve. Farisearen likte ikkje dette, men Jesus rosa henne og klaga heller på farisearen som ikkje hadde gitt Jesus vatn til føtene sine, ikkje hadde ønskt han velkomen med eit kyss, og fleire slike ting som var vanleg å møte ein gjest med.

Til kvinna sa Jesus: «Syndene dine er tilgjevne ... Trua di har frelst deg.»

Prosten hadde valt mange nynorske salmar til gudstenesta, som «Vår Gud ha er så fast ei borg», «Å Jesus Krist eg kjem til deg», «Å kor djup er Herrens nåde» og «Guds kjærleik er som stranda og som graset».

Til slutt i gudstenesta kunne prosten dela ut nattverden til kyrkjelyden.

*Olai Otterå*



*Prost Jan Tommy Fosse ynskjer velkomen til gudsteneste. - Eg har gledd meg til denne gudstenesta.*



Dag Reidmar Pettersen skreiv gjerne ei helsing i bøkene som han delte ut til 4-åringane.

## Korøving

i Sund kyrkje

### STJERNEKORET

(frå 4 år til 3. kl.)

øver kl 17.30 - 18.30

### BETWEENSKORET

(frå 4. kl. og oppover)

øver kl 18.30 - 19.30

13. april

27. april

11. mai

25. mai

Nye og gamle  
medlemer er velkomne!

(Ein tek atterhald om moglege  
koronarestriksjonar)

## «Bibelboka mi» til 4-åringane

Ei fast hending i kyrkjelyden ein gong for året er utdelinga av ei bok til 4-åringane i soknet. Dei siste åra er det boka «Bibelboka mi» som har blitt delt ut. I år var det planlagt at boka skulle delast ut i gudstenesta 7. februar i Kausland kyrkje. Men koronarestriksjonane i den perioden gjorde dette umogleg.

I staden fann Dag R. Pettersen ut at han kunne senda ein invitasjon til familiane til 4-åringane om at dei kunne koma til kyrkja etter gudstenesta den dagen, så skulle dei få boka. Og Dag hadde ikkje berre lagt ein bunke med bøker klar på eit bord i kyrkja, kan hadde jamvel kjøpt inn ein del små melkesjokolader som han kunne dela ut til borna, viss dei villa ha. Foreldra hadde han òg tenkt på. Dei kunne få ein kopp kaffi og smaka på ein twist-sjokolade om dei hadde lyst på det.

Det spanande med eit slikt opplegg som

ikkje var del av ei vanlege gudsteneste, som hadde vore det vanlege tidlegare, men eit eige opplegg der ein måtte koma til kyrkja ein ærend for at 4-åringen skulle få boka si.

Men Dag vart ikkje ståande åleine i kyrkja. Den eine etter den andre 4-åringen kom inn i kyrkja saman med ein av foreldra, fekk boka i neven, gjerne saman med ei helsing skriven inn i boka av Dag. Kanskje tok dei imot ein sjokolade, kanskje tok mora eller faren seg ein kopp kaffi og ein twist.

Det nærmar seg slutten på opplaget ein har i Sund av «Bibelboka mi», så om det blir ei ny bok for dei som blir 4 år til neste år, får vi venta og sjå. Og kanskje er vi då attende til ein meir vanleg måte å dela ut bøkene på.

Olai Otterå



**Biletet over:**

*Dag Reidmar Pettersen freistar med ein liten melkesjokolade til ein av 4-åringane.*

**Biletet til venstre:**

*Her er det ein 4-åring som har fått både «Bibelboka mi» og sjokolade.*

## Personalnytt

Mona Iren Hansen (41) er tilsett i vikariat i Øygarden kyrkjelege fellesråd fram til og med mai 2021. Ho skal arbeide som kontormedarbeidar med oppgåver som resepsjonsteneste og økonomiarbeid.



## Føremiddagstreffa

Alle føremiddagstreffa så langt i år har vorte avlyste grunna koronasituasjonen. Korleis det blir etter påske er førebels uvisst, men vi set opp dei aktuelle datoane, så får vi håpa at det betrar seg etter kvart slik at det igjen kan bli føremiddagstreff med felles lunsj etterfulgt av eit foredrag av ein invitert gjest. Følgjande datoar er aktuelle:

**28.04 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30**

Gjest: Tarald Ueland om salmediktaren Svein Ellingsen

**26.05 Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje kl. 11.30**

Gjest: Egil Morland

## Onsdags- treffa

Onsdagstreffa i Aktivitetssenteret er lagt på is...

Hildegunn og diakoniutvalet vil drøfta kva vi skal gjera med dei framover.

## – Påska er ikkje ei heidensk høgtid

**Er påska egentleg kristen, eller ei høgtid kyrkja stal frå heidningane og så gav eit kristent innhald?**

Skribent og forfattar Bjørn Are Davidsen er ikkje i tvil om kva svaret er. – Den kristne påska har opphavelg ikkje noko med heidenske skikkar å gjere, seier han. Det same har han i fleire år hevda på bloggen sin dekodet.blogspot.com der han har omtalt svakt funderte misoppfatningar om kristne høgtider.

Folkelege førestillingar om jul og påske har ein ting til felles, skriv han: «... at man stadig finner på fortellinger om at ingen av høytidene handler om Jesus».

### Langvarig tendens

– For meg er det ein tankevekkar at så mange ender med ei slik forteljing. Jul og påske er dei to store kristne høgtidene, medan det vert hevda at begge er feiringar kyrkja har teke over eller stole frå heidningane og gitt kristent innhald. Hjø folk flest er dette blitt ei forteljing om kyrkja sin maktmisbruk, seier Davidsen til Kristelig Pressekontor. Han omtaler dette som ein langvarig tendens som han først møtte i studietida si i Trondheim tidleg på 1980-talet.

– Eg kunne mykje mindre om dette då, men ser at det er blitt eit slag sedvane at ein overdriv eller feiltolkar heidenske perspektiv.

### Jødisk høgtid

I eit blogginnlegg beskriv han det han kaller eventyr i pressa og på ulike nettstader. Ein påstand i nyare tid er at sidan det engelske ordet for påske, Easter, og det tyske, Ostern, fonetisk liknar namnet på den babylonske fruktbarheitsgudinna Ishtar, så er påska opphavelg heidensk. Dette stemmer ikkje.

– Slike påstandar er meir morosame enn meiningsfulle. Skal ein først sjå etter noko slikt, er den saksiske gudinna Eostre meir nærliggjande. I England kan dei ha oppkalt påska etter månaden då dei feira henne, seier Davidsen som er rådgjevar i tankesmia Skaperkraft.

For somme er vegen i alle høve kort til å meine at påska dermed er ein hedensk fest kyrkja har «kristna». Med det finn både grupper av kristne og andre – av heilt ulike årsaker – argument for å ta avstand frå den kristne påskefeiringa.

Davidsen meiner ingen slike slutningar står seg. Han avviser kategorisk at den kristne påskefeiringa har noka heidensk forhistorie. Tvert om har ho rota si i den jødiske påska. Vårt ord for påske kjem då også til oss via gresk frå det hebraiske

pesach, som tyder å gå forbi, peiker han på i eit blogginnlegg frå 2017.

Ikkje berre er den kristne påskefeiringa utan heidensk tilknytning. Ho har sitt opphav i den viktigaste jødiske religiøse markeringa og er den eldste av dei kristne høgtidene.

Heller ikkje på det ytre planet meiner Davidsen det er mykje heidensk å finne i kyrkja si påskemarkerings.

– Påskeegg og påskeharer er ikkje gamle heidenske tradisjonar, som nokre trur, men relativt moderne oppfinningar som fyrste gongen vert omtalt skriftleg seint på 1600-talet i det lutherske Tyskland, seier han og viser til ein artikkel av Paul D. Race, på nettstaden Family Christmas Online. Der står det at den tyske eventyrsamlaren Jacob Grimm lyt få mykje av skulda for at ålmenta i dag årleg vert villeia når påska nærmar seg og våren stunder til. Grimm gjekk ifylgje Race ut ifrå, på eit sær magert kildegrunnlag, at den eggleggjande påskeharen var ein figur knytta til gudinna Eostre frå det førkristne Europa. Dette vert ikkje støtta av nokre forskarar.

### Vårfestar

Davidsen synet til at ordet påske i dei fleste land viser til pesach, ikkje til det engelske Easter.

– Dette er det rett og slett viktig å understreke. Vi har vårt ord for påske frå den jødiske feiringa, og Jesus vart avretta under den jødiske påska. Den kristne påska er dels ei forlenging av den jødiske samtidig med at den for kristne markerer eit brot med jødedomen. Men noka heidensk høgtid er påska ikkje, seier Davidsen.

Noko av forvirringa har oppstått fordi folk rundt vårjamndøger alltid har halde festar, utan at kyrkja dermed har kuppet dei. Påske og vårfestar fall berre omtrent saman i tid.

### – Stole frå kyrkja

Ei slik mangelfull historieforståing bidreg etter hans mening til å forsterke fordommar, og mange får då eit meir negativt syn på kyrkja. Ho blir kun ei maktkyrkje som tek seg til rette og fortregjer andre tradisjonar.

– Er ein fyrst oppteken av denne typen påskekrim, er det heller motsett. Det er den kristne påska som er blitt kuppet og gjort til ein vinterferie nummer to, seier Davidsen.

Han meiner å sjå liknande prosessar i andre delar av historia. Einkvan får ein fiks idé som vert formidla som



fakta, og så vert innhaldet endra i den religiøse fortellinga. Om ein trur dei kristne høgtidene er stolne, ynskjer ein så å gå attende til det opphavelge og «autentiske».

– Det ein ikkje ser, er at ein i staden etablerer nye tradisjonar, og det er legitimt. Men det som ikkje er legitimt, er å påstå at einkvan har stole noko når dei faktisk ikkje har gjort det.

– Kvifor oppstår slike myter om påska som noko heidensk? Er det berre slapp research?

– Eg trur ikkje mange av dei som spreier dette eingong er inne på tanken om å gjere research. I skule og samfunn vert vi oppmoda til kritisk tenking. Likevel er det vanleg å tenkje at ein ikkje treng å undersøke påstandar, endå rett informasjon er lett å finne i vår tid.

– Kor vanskeleg er kampen mot slik mytespreiing?

– Kampen er tapt. Ein får ikkje noko gjennomslag for dette. Det er vanskeleg nok å kome til orde, og ein vert fort oppfatta som ein festbrems om ein hevder at mytene er myter. Då blir ein sett på som ein surpomp av dimensjonar. Likevel vil eg meine at når ein les feilaktige oppslag, må det vere lov å rekke opp handa og seie ifrå, seier Davidsen som meiner det er grunn til å peike på at mykje av grunnen til feiloppfatningane stammer frå antikatolsk propaganda frå protestantar. I 1853 gav skotten Alexander Hislop ut det Davidsen kaller ein konspirasjonsklassikar, *The Two Babylons: Papal Worship Proved*. Han kom på nytt i 1971.

– Boka fekk stor innverknad, og for kristne kan dette vere interessant å vite om. Ho har sett mykje av tonen i diskusjonen, mellom anna om påstanden om påska sitt heidenske opphav og at det skal dreie seg om katolsk avgudsdyrking.

### – Feira oppstoda

Davidsen meiner kristne godt kan bli meir merksame på sin eigen rike tradisjon og feire påske minst like frimodig som jul.

– Om ikkje kristne feirer ei kristen påske, blir det litt rart, sidan dette var den fyrste og viktigaste kristne høgtida. Den fyrste kristne kyrkja feira ikkje at Jesus vart fødd, men oppstoda hans, poengterer han.

Stein Gudvangen, KPK

# Fortetta dramatik, botnlaus sorg, og jublande glede

Det er høgtid, tretten feststemte menn er samla. Dei syng lovsongar, et i lag, og gler seg over fellesskap og venskap.

Brått snur stemninga, ein mann blir mørk i auga, reiser seg og går hastig ut.

Litt etter bryt dei alle opp frå den opplyste salen, og går ut i mørket.

Dei, som no er tolv, går inn i Getsemanehagen.

Ein av dei går avsides, tek til å kvia seg fryktleg, ber, og sveittar så det renn blodsdråpar frå han.

Han er einsam, og treng sårt til hjelp og trøyst frå venene sine. Han treng medmenneske!

Venene forstod ikkje, dei var trøytt og dei var redde, og dei somna.

Så kjem væpna vakter og grip han. No flyktar dei elleve.

Vi kjenner saga:

Jesus er heilt aleine. Han blir fengsla, torturert og krossfest.

Kva har skjedd? Kva forstår venene hans no? Jesus, som dei hadde hatt slik tiltru til, som dei hadde vore saman med i tre år - vart drepent som ein forbrytar! Det var sorg, fortvilning, redsle og forvirring. Alt er slutt - på ein frykteleg måte.

Jakob Sande har skildra dette dramaet så gripande i denne salmen:

*Du som låg i natti seine  
Einsam, vanvørd og aleine,  
Skjelvande på såre kne,  
du som skåli trufast tomde  
Medan alle dine rømde  
Stridsmann frå Getsemane.*

*Du som spotta vart og banna,  
Kront med klungerkrans om panna  
Medan augo brann i sorg,  
Du som stod i namnlaus pine  
Skild frå dei du kalla dine  
Einsam i Pilati borg.*

*Du som hekk til krossen nagla,  
Medan blodut sveitte hagla  
frå di panne då du sa:  
«Fader, kvifor gjekk du frå meg!»  
Å, lat nådens blodstraum nå meg  
Offerlam frå Golgata!*

*Lær mi sjel kor du laut lida,  
Syn meg såret ditt i sida,  
Styrk og nær mi veike tru.  
Syn meg dine merkte hender,  
Så eg frelst mitt auga vender  
Opp til deg på krossen du.*

Også i naturen vart det dramatisk då

Jesus døydde, det vart stummande mørkt midt på dagen, jorda skalv og berga rivna. Jamvel den romerske offiseren som var med under krossfestinga vart redd, og sa: «Sanneleg, han var Guds Son».



Men, det var ikkje slutt!

Grava vart forseгла, væpna soldatar stod vakt.

Men då nokre av Jesus sine vener kom til grava, var steinen velta vekk, og grava var tom! Snart gjekk rykta; Er det mogeleg at Jesus verkeleg har stått opp frå dei døde? Styresmaktene blei nervøse, denne rykteflaumen måtte stansast! Dei gav soldatane pengar for at dei skulle lyga om det som hadde hendt.

## Påskeandakten

Men, det let seg ikkje skjula - Jesus hadde stått opp! Bibelen fortel at ein engel kom og velta steinen vekk, samtidig som jorda skalv og soldatane vart vetskremde.

Nokre kvinner som kom til grava møtte Jesus, læresveinane møtte han, Jesus var i lag med dei i fleire veker, snakka med dei, åt i lag med dei - og Paulus skriv at ein gong var det over 500 på ein gong som opplevde å sjå Jesus.

Dette påskedramaet er meir bevitna enn mykje anna i historien.

Trua på den oppståtte Jesus breidde seg fort i Midtausten, og vidare utover. Det vart mykje motstand og forfylgjing, men talet på truande vaks. Det er slik framleis. Trua på den oppstandne Jesus blir tatt imot, men også avvist og håna.

Kva har så denne hendinga for over 2000 år sidan å seia for oss?

Kva betyr det for oss at Jesus lever i dag?

Kvifor døydde Jesus? Han gjekk den tunge vegen frivillig! Kvifor? Av kjærleik - til menneske. Berre ved å døy og stå opp igjen kunne han opna vegen til Gud for oss. For Peter som forneakta han, for røvaren på krossen som bad om hjelp i

siste augneblinken, og for deg og meg.

Då Jesus døydde, rivna forhenget inn til «Det aller heilagste» i tempelet i to, frå toppen og heilt ned. Det har ei djup symbolsk tyding. Vegen til Gud er opna. Før Jesu død og oppstode var det berre øvstepresten som kunne gå inn fram for Gud, men Jesus opna vegen for oss alle.

Påskan er grunnlaget for den kristne trua. Jesus er ikkje «det evige julebarnet», han er Frelsaren som døydde og stod opp att for at eg og du skal få leva og døy i trygg forvissing om at vi, akkurat som røvaren på krossen skal få evig liv, og få leva i kontakt med Jesus her og no. Det er ikkje berre noko som skal skje ein gong i framtida, gjennom Bibel og bøn har eg tilgang til fellesskap med Jesus no. Eg vågar å kalla meg ein truande, ikkje fordi eg forstår eller «føler» så mykje alltid, ikkje fordi eg ikkje tvilar innimellom, i alle fall slett ikkje fordi eg føler meg god eller «prektig», men fordi eg rett og slett har bruk for Jesus.

Eg har opplevd at det Jesus seier stemmer; han gjev tilgjeving og nytt mot, tryggleik, fellesskap hjelp og glede gjennom orda i Bibelen, gjennom å lytta til forkynning, gjennom bøn og fellesskap med andre som deler trua på Jesus.

God Påske!

*Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være, Kristus underlagt.  
Lyset fyller haven, se, en engel kom  
Åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom!*

Omkved:

*Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt!*

*Se, Herren lever! Salig morgenstund!  
Mørkets makter bever, trygg er troens grunn.*

*Jubelropet runger: Frelseren er her!  
Pris ham alle tunger; Kristus herre er!*

Omkved

*Frykt ikke mere! Evig er han med.  
Troens øye ser det: han gir liv og fred.  
Kristi navn er ære, seier er hans vei  
Evig skal han regjere, aldri frykter jeg!*

Omkved

Gurli Skodvin

# Konfirmasjonane er utsette til hausten

På bakgrunn av vedtak i Sund sokneråd vert konfirmasjonane i Sund kyrkjelyd utsette til hausten. Grunnen til avgjerda er uvisse knytt til smittesituasjonen i mai, og at utsetjing

aukar sjansen for å kunne invitere fleire gjester både i kyrkja og til selskap, og dermed lyfte konfirmasjonen til den merkedagen den for mange er.



## Sund kyrkje:

Søndag 29. august kl. 11.00 Klokkarvik 1  
Søndag 29. august kl. 13.00 Klokkarvik 2

## Kausland kyrkje:

Laurdag 4. september kl. 11.00 Kausland 1  
Laurdag 4. september kl. 13.00 Kausland 2  
Søndag 5. september kl. 11.00 Kausland 3

I neste utgåve av Sund Sokneblad vil vi presentere korleis konfirmantane er fordelte i dei ulike gruppene.

Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40  
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

## Soknemøte for Sund sokn 11. april kl. 12.30

Det vert soknemøte i Sund kyrkje søndag 11. april rett etter gudstenesta.

### Saker:

Årsmelding Sund sokneråd 2020  
Årsrekneskap Sund sokneråd 2020  
Høyring om revidering av Gudstenesteordning for Sund sokn

Saksdokumenta ligg ute på nettsida vår

[www.kyrkja.no/sund/soknemote](http://www.kyrkja.no/sund/soknemote)



DEN NORSKE KYRKJA

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 4, 5353 Straume  
( samme hus som Ligningskontoret )

## GRAVMINNER

 **Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

**Bergen Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner  
Lensmannsvegen 17B,  
5378 Klokkarvik

Epost: redapukelis@gmail.com  
Facebook: Redas neglestudio

## Vil du bli med på klubb? Betweenklubben

Det blir Betweenklubb på disse datoane (med atterhald om moglege koronarestriksjonar):

20. april

18. mai

**Klokka 17.30 - 19.30**  
i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.

Frå 4. klasse og oppover.

**Leikar, aktivitetar,  
Bibelen, kveldsmat.**

Velkomen,  
og ta gjerne med ein venn!

# DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



SUND APOTEK  
Tlf. 56 33 88 80



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER  
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK  
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO

## Givarteneste Sund kyrkjelyd

Barne- og familiearbeidet  
Kyrkjelydsarbeidet

Kontonr.: 3628.50.65156  
Merk kva formål gáva er til.



## Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som  
frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta  
del i teamarbeidet rundt ei  
gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

klokkeoppgåver,  
kyrkjevertoppgåver eller  
kaffivertoppgåver.

**Vi vil gjerne ha deg med!**

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil  
455 16 360 eller på e-post:  
[hm849@kyrkja.no](mailto:hm849@kyrkja.no)

## Myldredagar

- for heile familien
- besteforeldre også

**Klokka 17.00-19.00**

**Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje**

6. april (avlyst grunna korona)  
4. mai

**Kyrkjelydshuset på Kausland**

21. april (avlyst grunna korona)  
12. mai

**Middag - bibelfortelling -  
aktiviteter - fellesskap**

Ta med familien og kom,  
eller kom åleine.

*Ein tek atterhald om moglege  
koronarestriksjonar også i mai.*

## Sorggruppe for ungdom

Denne våren blir det starta opp med ei sorggruppe for ungdomsskuleelevar i Øygarden kommune. Sorg er ulikt frå person til person, men vi veit at det er godt for mange å ha ein plass der vi kan dele sorga med andre som veit kva sorg er.



### Invitasjon til sorggruppe for ungdom

Gruppa vil møtast seks gongar fram til sommaren, på onsdagar frå kl. 14-15 på kyrkjekontoret (i 2. etasje på Temahuset på Straume, over Jysk). Det er ikkje krav til at dei som er med i gruppa må sei noko på samlingane, men alle som vel å vere med i gruppa seier òg ja til teieplikt. Erfaring viser at å delta i ei sorggruppe er ei god støtte og hjelp for dei som har opplevd tap.

Datoane for gruppa blir:

**24. mars, 07. april, 21. april, 05. mai,  
19. mai, 09. juni**

Oppstarten av sorggruppe for ungdom skjer i eit samarbeid mellom kommune-psykologane i Øygarden og Den norske kyrkja. Dei som vil leie sorggruppa er **Torbjørn Fjøren** (har vore soknediakon i kyrkja og har i ei årrekke vore ein del av kriseteamet i tidlegare Fjell kommune) og **Maria Tveten** (har vore ungdomsprest og arbeidar no som sokneprest i Foldnes kyrkjelyd). Begge har mykje erfaring med sorg og sorgarbeid. Kyrkja har ein særleg kompetanse på sorgarbeid, og det er difor kyrkja leier sorggruppa, men tilbodet passar alle uavhengig av livssyn. Vi er òg tilgjengeleg for samtalar viss det passar betre.

Påmelding skjer ved å ta kontakt med sokneprest Maria Tveten (mt989@kyrkja.no / tlf 45063016). Har du behov for meir informasjon, kan du òg ta kontakt med henne.



Via **INTERFLORA**  
formidlar vi blomstrar  
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt  
i binderi til fødsel, dåp,  
konfirmasjon, bryllaup,  
gebursdagar og gravferder -  
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader  
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

**Tlf.: 56 33 90 13**

Faks: 56 33 93 01

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
CHAT



**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**

## GRAVMONUMENTER

Egil Fosse  
Kvile 17A  
5379 Steinsland  
Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



**KJØL STENINDUSTRI AS**

6490 EIDE

## Døypte

**24.01 Kausland kyrkje**  
Ulrik Hjørnevik Sandtorv

**07.02 Kausland kyrkje**  
Herman Midttveit Hjørnevik

**14.02 Sund kyrkje**  
Synne Sangolt

**21.02 Kausland kyrkje**  
Alf Vorland-Bru

## Gravlagde

**21.01 Sund kyrkje**  
Gunn Berit Hummelsund, f. 1956  
(bisetjing)

**02.02 Sund kyrkje**  
Åshild Ranveig Tyssøy, f. 1931  
(bisetjing)

**09.02 Kausland kyrkje**  
Henry Andreas Løtvedt, f. 1935

**16.02 Kausland kyrkje**  
Kjellaug Lerøy, f. 1924 (bisetjing)

**18.02 Kausland kyrkje**  
Magnus Bildøy, f. 1939

**23.02 Sund kyrkje**  
Magne Limevåg, f. 1929 (bisetjing)  
Casper Børnes, f. 2012

## Takk

Sund Sokneblad takkar for pengegåva som kom inn til bladet i samband med gravferda til **Magne Limevåg**.

## Endra utgjeving for Sund Sokneblad

Budsjettet for 2021 fører til at alle dei tre kyrkjeblada i Øygarden berre skal koma ut med fem nummeret dette året mot tidlegare seks nummer. Dette vil ein merka frå hausten av då talet på utgjevingar blir redusert frå tre til to utgåver.

For Sund Sokneblad vil utgjevinga for resten av året bli slik:  
**Nr. 3** - 16. juni; **Nr. 4** - 29. september; **Nr. 5** - 1. desember

## PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag kl 10.00 – 14.00: **400 03 316**

### Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

### Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får ikkje lenger tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



DEN NORSKE KYRKJA

## Sund sokn

Telefon sentralbord: ..... 400 03 316

### Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

### Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag ..... kl. 10.00 - 14.00

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettside:** www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

### Soknepresten

Kjell-Asle Børnes..... 41 41 66 67  
sokneprest 48 00 26 97  
E-post: kb427@kyrkja.no

### Soknerådet

Svein Marius Myklebust ..... 95 88 61 56  
soknerådsleiar  
E-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

*Solstrands*  
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE  
GRAVFERD

**Sund  
Sokneblad**

Utgjevar: Sund Sokneråd

**Adresse:** Tytebærbrekko 2,  
5353 Straume  
**Konto:** 1503.84.37590  
**Kontingent:** 250 kr pr. år  
**Redigering:** Olai Otterå

**Redaksjon:**  
Olai Otterå ..... 928 93 057

**E-post:**  
sund.sokneblad@bkkfiber.no

**Trykk:**  
Bodoni AS, Straume



**Opplag:** 3.950



Dåp

## Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding  
til dåp gå inn på  
[kyrkja.no/oygarden/dap](http://kyrkja.no/oygarden/dap)



DEN NORSKE KYRKJA  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

## Tingingar strøymer på til Lyngdal Bibelcamp

**Folk satsar på at sommaren blir normal nok til at det blir bibelcamping i Lyngdal i år.**

Ved nyttår vart det opna for å bestille overnatting til Indremisjonsforbundet sitt største sommar-evenement, Lyngdal Bibelcamp. Campen byrjar 5. juli og varer ut månaden, men dei ivrigaste melder seg alltid med ein gong det let seg gjere å bestille.

Mange har tydelegvis god tru på at sommaren skal bli ganske normal, sjølv om ingen kan garantere for ein virusfri ferie i 2021. 3-400 personar har uansett bestilt overnatting i leiligheiter på KVS Lyngdal, den vidaregåande skulen som er vertskap for bibelcampen. Når sommarfolket strøymer på, får mange av dei husrom der elevane bur til dagleg. Dei som ikkje bur under tak, rykker inn på campingplassen som er open det meste av skuleferien, det vil seie også før og etter sjølve bibelcampen.

– Det er bortimot normalt med tingingar i år også, seier Thomas Knutsen som er avtroppande driftsleiar på campingplassen.

Han fortel til Kristelig Pressekontor at det alltid er stort trykk den første påmeldingsdagen. Då er det nokre faste feriegjester som skal sikre seg og familien den same leiligheita som dei har hatt i alle år og som dei er så nøgd med.

Programmet er ikkje heilt klart enno, men talarlista ligg føre. Der står det namn som Andreas Evensen, Ruben Lie Monsen, Gunnstein Nes, Marit Stokken og Irene Krokeide Alnes, Aud Karin K. Ringvoll, Johan Halsne, Erik Furnes og Runar Landro.

*Stein Gudvangen, KPK*

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 16. juni

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 2. juni